



Sæbø skule,  
Søre Austmarka 4,  
5938 Sæbøvågen.  
Tlf. 56 34 98 00  
e-post: post.sabo.skule@radoy.kommune.no

## Førjulsinfo frå skulen

Vi legg opp til tradisjonell førjulsaktivitet og juleførebuing på skulen:

- Kvar måndag i adventstida har vi adventsamling for heile skulen i amfiet.
- 16.12. kl.08:15-09:00. Julegudsteneste for skule, barnehage og andre som har høve til å vera med. NB!! Merk tida! Elevane møter direkte i kyrkja, eller skulen. Buss frå skulen til kyrkja 07:50. Meir info om dette seinare.
- 19.12. Julefest for elevar og foreldre i gymsalen 18-20.

**Eit utval av desse songane vert nytta i adventsamlingar, julefest og julegudsteneste:** Long time ago in Bethlehem - Jeg så mamma kysse nissen – Å kom no med lovsang - Vi må finne skjegget - Godnattsang for nisseunger - Solbarn, jordbarn - Julestjerne, får jeg deg? - White Christmas - Mitt hjerte alltid vanker - Maria var en møy så ren – Juleønsker - No har vi vaska golvet - No tenner vi 1-2-3-4 lys - Himmel på jord – Himlen i min favn - Tenn lys - Vi tenner - Rudolf er rød på nesen - Little drummer boy – Det lyser i stille grender – Det kimer nå til julefest - Eg er så glad kvar julekveld - Et barn er født i Betlehem - Glade jul - Høyr kor englar syng frå sky - En stjerne skinner i natt - O jul med din glede - Engelen Gabriel - Deilig er jorden – En krybbe var vuggen - Nordnorsk julesang  
**Adventsamlingane** inneheld tema frå advent og jul ut frå norsk tradisjon.

### Rett til fritak:

*”Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande.”* Opplæringslova §2-3a.

Fritaksretten gjeld alle delar av undervisninga som vert opplevd som utøving av annan religion eller livssyn, sjå over.

Dersom du ut frå fritaksretten ønskjer at ditt/dine barn skal få alternativt tilbod i staden for nokre av aktivitetane på skulen før jul, ber eg om at du gir melding til skulen om fritak.

Ta kontakt om dette skulle vera uklårt.

Meir detaljert informasjon om dei to siste skuledagane julefest, julegudsteneste/alternativ kjem i veke 50.

Med ønskje om ei fin førjulstid frå oss på skulen!

Rolf Sandstad

Rektor

# 1-2-3-4-5-6-7 JUL PÅ SÆBØ SKULE



Desember 2016 på Sæbø skule vert spekka med litt av det vi brukar å gjere, og attpåtil ein del ekstraordinære JULEARRANGEMENT.

I samband med nokre av aktivitetane fram mot jul er fint å få **HJELP** frå elevane sine føresette, besteforeldre, onklar, tanter, o.s.b..

Nedanfor presenterer vi terminlista fram mot jul og nederst ein **SVARSLIPP** der dei som kan tenke seg å hjelpe til kan krysse av. Svarfrist **TORS DAG 8. DESEMBER**.

5/12 **1-2-3-4-5-6-7 ADVENTSAMLING** i amfiet  
3.-4.klasse arrangerer adventsamling for heile skulen

13/12 **Lucia-markering** - 1.og 6.klasse kjem med lussekatter ☺

13/12 **5-6-7 JULEVERKSTAD**- denne dagen må alle ha eigen mat med  
Det vert juleverkstad-stasjonar rundt om på skulen der elevane produserer julepynt og gåver i ulike fasongar.  
Ta med **MATPAKKE**, klede som egner seg til hobbyaktivitetar, kjevle, pepperkakeformer og kakeboks denne dagen. Hugs å merke bakesaker med namn!  
Ta og med ekstra pose/øskje til oppbevaring av produkta.  
På bakestasjon og julekortproduksjon er har vi plass til medhjelparar (ingenting å førebu, berre å stille opp)

14/12 **1-2-3-4 JULEVERKSTAD**- denne dagen må alle ha eigen mat med  
Det vert juleverkstad-stasjonar rundt om på skulen der elevane produserer julepynt og gåver i ulike fasongar.  
Ta med **MATPAKKE**, klede som egner seg til hobbyaktivitetar, kjevle, pepperkakeformer og kakeboks denne dagen. Hugs å merke bakesaker med namn!  
Ta og med ekstra pose/øskje til oppbevaring av produkta.  
Vi treng hjelp frå vaksne hender på verkstad stasjonane (ingenting å førebu, berre å stille opp)

15/12 **Nissetur i skogen for 1.-4. og julegraut for alle**

16/12 **1-2-3-4-5-6-7 JULEGUDSTJENESTE** i kyrkja  
kl.08:15 Elevane møter i kyrkja til julegudsteneste. Info om skyss frå Austmarka kjem seinare - følg med i meldemappa. Innslag frå elevar. Gudstenesta er open for alle. Alternativt opplegg for dei som ber om fritak.

19/12 **1-2-3-4-5-6-7 ADVENTSAMLING** i amfiet  
5.klasse arrangerer adventsamling for heile skulen

19/12 **1-2-3-4-5-6-7 JULEFEST** kl. 18-20 på kveldstid for heile familien  
Nærare info kjem når det nærmar seg - følg med i meldemappa!

Velkommen til store og små (-søsken)

20/12 **1-2-3-4-5-6-7 Avslutning av hausthalvåret**  
Kl. 08:00 samling i klassane  
Kl. 10:00 Julebrunsj for elevar og tilsette i kantina.  
Kl. 11:10 Avslutning i klassane.  
Kl. 11:30 Skuledagen er slutt

Skulebussane går 11:31 og 11:40

.....&.....

Ja, eg kan vere med på 5-6-7 JULEVERKSTAD 13/12.....(namn) .....Klasse

Ja, eg kan vere med på 1-2-3-4 JULEVERKSTAD 14/12.....(namn) .....Klasse

**SVARFRIST TORS DAG 8. DESEMBER**